

Mellombels forskrift om ekstra Merkurtilskot på grunn av høge straumprisar

Fastsett xx. 2022 av Kommunal- og distriktsdepartementet til gjennomføring av Innst. 34 S (2022-2023)

§ 1 Føremål

Føremålet med tilskotsordninga er å gi tilskot til daglegvarebutikkar som er registrert i Merkur-programmet, jf. Merkurforskrifta, og som har hatt høge straumrekningar i perioden 1. september til 31. desember 2022.

Tilskota skal medverke til at innbyggjarar i distrikta er sikra tilgang til ein daglegvarebutikk i nærleiken, også etter at straumprisane blir normaliserte.

§ 2 Kven som kan få tilskot

Merkur-butikkar etter Merkur-forskrifta § 3 første ledd kan få tilskot etter forskrifta her dersom dei:

- a. er registrert som ein Merkur-butikk
- b. er open heile året
- c. har hatt høge straumutgifter i perioden 1. september til 31. desember 2022

Tilskotet kjem i tillegg til andre tilskot i Merkur-programmet. Føretak som får tilskot etter Merkur-ordninga vil ikkje vere omfatta av energitilskotsordninga gjennom Enova.

§ 3 Utrekninga av storleiken på tilskota

Som støtteberettiga pris på straum reknast gjennomsnittleg fakturert pris i kroner per kWh vekta opp mot forbruk for den relevante månaden, eksklusive nettleige, påslag, fastledd og avgifter, slik det framgår av faktura frå straumleverandør.

Butikkane kan få tilskot på inntil 80% av støtteberettiga straumkostnader, fratrukke 70 øre per kWh av den støtteberettiga prisen.

Tilskotet blir berekna som summen av føretaket sitt forbruk av straum i antall kWh i den relevante månaden multiplisert med 0,8 og med støtteberettiga pris på straum i kroner per kWh fratrukke 0,7 kroner.

Utmålt støtte vil kunne bli avkorta i høve til disponibel løyving dersom det viser seg at omsøkt beløp overstig disponibel ramme i høve til budsjettvedtak gjort av Stortinget. Ved avkorting skal berekna tilskot reduserast prosentvist likt for alle føretak som har søkt om og innfrir vilkåra til støtte

§ 4 Definisjon av konsern og maksimalt tilskot til konsern

(1) Maksimalt tilskot til eit enkelt føretak eller konsern gitt etter denne forskrifta er 5 millionar kroner. Minstegrensa for å få utbetalt kompensasjon er på 3 000 kr pr. søknadsperiode.

(2) Eit morselskap utgjer saman med eitt eller fleire dotterselskap eit konsern. Ved vurderinga av om det er eit konsern, blir situasjonen per 1. oktober 2022 lagt til grunn.

(3) Eit føretak er eit morselskap når det eig så mange aksjar eller andelar i eit anna føretak at det representerer meir enn 50 prosent av stemmene i det andre føretaket. Det andre føretaket reknast som dotterselskap. Eit føretak der eit dotterselskap åleine eller

saman med morselskapet og/eller eitt eller fleire andre datterselskap eig så mange aksjar eller delar at dei til saman representerer meir enn 50 prosent av stemmene i føretaket, reknast også som datterselskap.

(4) Dersom ein personleg eigar aleine eller saman med ein eller fleire nærståande eig så mange aksjar eller delar at det representerer meir enn 50 prosent av stemmene i to eller fleire selskap eller morselskap, skal desse selskapa og deira datterselskap også reknast som eit konsern ved søknad om tilskot.

(5) Med nærståande, jf. tredje ledd, meinast føretak der den personlege eigaren eig så mange aksjar eller delar i at det representerer meir enn 50 prosent av stemmene, eller dette føretaket sitt datterselskap. Med nærståande meinast også den personlege eigaren sine foreldre, søsken, barn, barnebarn, ektefelle, sambuar, ektefelle sine foreldre og sambuar sine foreldre.

§ 5 Søknadsperiode

For å sikre rask utbetaling av støtte, skal søknadshandsaminga skje i tre omgangar: Søknadar om tilskot for september og oktober, vert handsama i første omgang. Søknadar om tilskot for november i andre omgang og tilskot for desember i siste omgang.

§ 6. Krav om energikartlegging

Eit føretak kan berre søkje om tilskot dersom det gjennomfører ei energikartlegging/ har gjennomført ei energikartlegging. Energikartlegginga skal gi ein oversikt over kva energibærarar føretaket bruker, energimengda som blir brukt og kostnader knytt til energibruken fordelt på energibærarane.

Minimum tre aktuelle tiltak for å redusere energibruken skal identifiserast og settast opp i ei prioritert rekkefølge.

Tilskotsmyndigheiten kan fastsette nærare krav til gjennomføring og dokumentasjon av energikartlegging etter første og andre ledd.

§ 7 Krav til ein søknad om tilskot

Søknaden rettast til Distriktssenteret og skal innehalde:

- a. organisasjonsnummer og namnet på den ansvarlege butikkeigaren
- b. dokumentasjon av straumkostnadar for perioden som søknaden gjeld, i form av ein faktura som syner straumforbruket og kostnader månad for månad
- c. opplysningar om søkjaren har mottatt eller søkt på andre offentlege tilskot til å dekkje straumkostnader
- d. ei energikartlegging
- e. Butikkar som mottok straumstøtte kan ikkje være under gjeldsforhandling eller ha meldt oppbod

§ 8 Forbod mot utbytte

Mottakarar av støtte under denne forskrifta kan ikkje fatte vedtak om, eller utbetale utbytte i 2023 i samsvar med § 2-7 i forskrift om midlertidig ordning for energitilskot til næringslivet som følge av ekstraordinære strømutgifter, tilskotsordninga i Enova. Første punktum gjeld ikkje vedtak om eller utbetaling av kjøpeutbytte til medlemmene etter lov om samvirkeføretak § 30.

§ 9 Statsstøtteregelverket

Den nye Merkur-ordninga er notifisert etter artikkel 2.1 i det midlertidige rammeverket for statsstøtte i tilknytning til sanksjonane mot Russland. (COL/TCF) Støtteavgrensingane i statsstøtteregelverket gjeld per konsern.

§ 10 Tilhøvet til sanksjoner som svar på Russlands militære aggresjon mot Ukraina

(1) Føretak som er underlagt sanksjonar som svar på Russland sin militære aggresjon mot Ukraina kan ikkje få tilskot etter denne forskrifta. Dette gjeld mellom anna personar, einingar eller organ som er underlagt sanksjonar, føretak som er eigd eller blir kontrollert av personar, einingar eller organ som er underlagt sanksjonar, eller føretak som driv verksemd som er underlagt sanksjonar, så langt støtta ville undergrave måla med sanksjonane.

(2) Med sanksjonar i første ledd meinest sanksjonar som er vedtatt av EU og som Noreg sluttar opp om, jf. mellom anna forskrift om restriktive tiltak vedrørande handlingar som undergrev eller truar Ukraina sin territorielle integritet, suverenitet, uavhengighet og stabilitet og forskrift om restriktive tiltak i lys av situasjonen i Belarus og Belarus sin medverknad i Russland sin aggresjon mot Ukraina.

§ 11 Sakshandsaminga og utbetaling av tilskot

Distriktssenteret er tilskotsmyndigheit. Søknadane om tilskot skal handsamast etter kvart som dei kjem inn.

Tilskota skal utbetalast snarast.

Elles gjeld Merkur-forskrifta §§ 5, 6, 7, 9 og 38.

§ 12 Forvaltningslova

Forvaltningslova sine bestemmelsar om klagerett i forvaltningssaker gjeld for handsaming av saker etter denne forskrifta. Kommunal- og distriksdepartementet er klageinstans.

§ 13 Tilbakebetaling av uriktig utbetalt tilskot

Merkur-sekretariatet kan stanse utbetalinga av heile eller delar av tilskotet, eller krevje tilbakebetaling, dersom

- a. mottakaren har gitt urette, misvisande eller mangelfulle opplysningar eller ikkje har oppfylt vilkåra for tilskotet og tildelinga byggjer på slike opplysningar
- b. mottakaren utan samtykkje frå Merkur-sekretariatet har endra prosjektet slik at det ikkje oppfyller krava i forskrifta og vedtaket om tilskot
- c. mottakaren søker gjeldsforhandlingar, går konkurs eller avviklar verksemda
- d. mottakaren ikkje rapporterer før sluttdatoen eller rapporteringsfristen i tildelingsvedtaket går ut, jf

Merkur-forskrifta § 9.

§ 14 Rapportering og kontroll

Distriktssenteret kan gjennomføre stikkprøver for å sikre at tilskotet er tildelt etter føresetnadane og vilkåra, fastsett i forskrifta.

§ 15 Ikraftsetjing

Forskrifta blir sett i kraft xx. 2022, og gjeld til 31.12.2023.